

## Årsmøte i Odda Mållag, 25.02.2018 – Referat

Møtestad: Ungdomshallen

Tilstades: Solveig Grønlien, Håkon Tverdal, Knut O. Dale, Harry Solberg, Turid Asting Solberg, Olav Tveita, Gerd K. Hereide, Jorid Ystanes, Herborg Frøystein og Olav Frøystein

### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Det stod 2017 på innkallinga, som eit hendeleg uhell. Utover dette, vart innkallinga godkjend utan merknader. Knut viste til Noregs Mållag sine reglar som krev at utsendingar til landsmøte skal veljast på årsmøtet. Dette vart sett opp i punkt 7 på saklista.

### 2. Val av ordstyrar, skrivar og protokollunderskrivarar

Ordstyrar: Håkon Tverdal

Skrivar: Harry Solberg

Protokollunderskrivarar: Gerd K. Hereide, Jorid Ystanes

Samr.

### 3. Årsmelding

Årsmeldinga var send ut til alle medlemene som brev. Turid A. Solberg føreslo å godkjenne heile meldinga under eitt. Så vart gjort, og årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

### 4. Rekneskap

Gerd K. Hereid las opp resultatrekneskapen . Godkjend.

### 5. Val av styre

Leiar i valnemnda, Øystein Kambestad, var ikkje tilstades, men hadde levert eit framlegg. Olav Tveita las opp framlegget. Endringa er at Tor Henrik Mannsåker går ut og at Kristin Walle kjem inn som 2.vara.

Knut O.-Dale, leiar ( for eitt år)

Harry Solberg (for 2 år)      1.vara: Ingvild Jøsendal (for eitt år)

Harald Jordal ( ikkje på val)      2. vara: Kristin Walle ( for eitt år)

Solveig Grønlien ( 2år)      3. Marit Bleie Mannsåker ( for eitt år)

Håkon Tverdal (ikkje på val)

Samrøystes vedteke.

### 6. Val av valnemnd

Øystein Kambestad hadde meldt at han ikkje tok attval. Knut kom med forslag om at Sigrid Espeland Lerbak vert nytt medlem i valkomiteen. Ingebjørg Sekse vert leiar, med Olav Tveita og Sigrid E. Lerbak som komitemedlemer . Samr. godkjend

### 7. Val av revisor og utsendingar til landsmøtet i NM

Revisor : Gerd K. Hereide , (eitt år)      Samr. vedteke

### Utsendingar til landsmøtet:

Knut O Dale, Terje Kollbotn og Harald Jordal vert utsendingar frå Odda Mållag. Kristin Walle, Håkon Tverdal, Ingvild Jøsendal og Marit Mannsåker er varafolk. Ein merker seg at Solveig Grønlien alt stiller for Hordaland Mållag.

Samr.vedteke

### **8. Målprisen 2017**

Knut las grunngevinga for å gje prisen til *Helga Mannsåker*. Årsmøtet tykte vel om grunngevinga og gjekk samr.inn for å gje prisen til Helga.

### **9. Det nye arbeidsprogrammet til Noregs Mållag**

Peder Lofsnes Hauge var invitert, men hadde ikkje høve til å koma. Odda Mållag har kome med innspel, der målbyttet er særst utsett i nynorskkommunar kring Bergen. Noregs Mållag må setja inn mest ressursar her. Knut orienterte om notatet som Odda Mållag sende inn til Noregs Mållag med innsendingsfrist 20.02. 2018.

Solveig hadde laga framifrå smakfulle kaker til årsmøtet .

Årsmøtet vart heva kl. 1855.

  
Harry Solberg, skrivar



Gerd. K. Hereide,  
Protokollunderskrivar



Jorid Ystanes  
protokollunderskrivar